



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs
Telefon: 57643135
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato
09.10.2013
Dykkar dato
01.07.2013

Vår referanse
2011/2625 - 561
Dykkar referanse
201105331-

Norges vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Fråsegn til søknad frå Ofta kraft AS om løyve til å byggje Ofta kraftverk i Lærdalsvassdraget, Lærdal kommune

Vi viser til oversendinga datert 1.7.2013 og avtalen om utsett frist til 11.10.2013.

Fylkesmannen vurderer at prosjektet er svært mangelfullt utgreidd når det gjeld biologisk mangfald i prioriterte naturtypar som bekkekløft (Moldagjeli) og fossesprøytsone (Brufossen). Då det ikkje er avklart om raudlisteartar i slike naturtypar vert råka, vurderer vi at kunnskapsgrunnlaget ikkje er i tråd med naturmangfaldlova § 8 når det gjeld desse lokalitetane. Vi vil såleis sterkt tilrå at bekkekløfta og fossesprøytsona vert undersøkte og forsvarleg verdiklassifiserte før konsesjonssøknaden vert avgjort. Ut over dette vurderer vi prosjektet som miljøtilpassa og akseptabelt for dei allmenne interessene. Vidare er det positivt at utbygginga kan bidra til å sikre ei meir stabil forsyning av drikkevatt til Lærdalsøyri.

Bakgrunn

Ofta kraftverk vil nytte eit fall på 580 m mellom inntaket på kote 650 og kraftstasjonen på kote 70 i sidegreina Ofta i Lærdalsvassdraget. Vassvegen på 2040 m er planlagt som bora sjakt, råsprengd tunnel og røyr i tunnel. Det er planlagt 100 m ny veg til kraftstasjonen, medan inntaket skal byggjast veglaust. Ny kraftleidning over 400 m skal gravast ned. Maksimal slukeevne er på 1,89 m³/s (300 % av middelvassføringa). Utbygginga vil redusere vassføringa over ei samla elvestrekning på 2000 m. Det er planlagt å sleppe minstevassføring tilsvarande 5-persentilar sommar og vinter. Kraftverket vil ha installert effekt på 9,4 MW og skal etter planen produsere 20,3 GWh.

Prosjektet kan bidra positivt til å oppnå målet om å auke produksjonen av fornybar energi med 26,4 TWh i Noreg og Sverige. Utbygginga vil gi ein viss positiv effekt for næringsliv og sysselsetjing, først og fremst i anleggsfasen. Lærdal kommune har økonomiske utfordringar, og ei eventuell utbygging vil bidra positivt i form av auka skatteinntekter.

Fylkesmannen skal vurdere om kjende allmenne interesser kan verte råka, og i tillegg vurdere tiltaket etter lakse- og innlandsfisklova og ureiningslova. Vi legg vidare vekt på prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova og vassforskrifta.

Miljøvernfareleg vurdering

Ved siste statusgjennomgang var 54 % av vasskraftpotensialet i Sogn og Fjordane utbygd til kraftproduksjon (NVE, 31.12.2011). Dei nye prosjekta er ofte konfliktfulle og fører i aukande grad til inngrep i verdifulle natur- og friluftsområde, eller kan vere uaktuelle på grunn av høge

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

kostnader. Dette er eit resultat av at dei minst konfliktfulle og mest økonomiske prosjekta gjerne alt er realiserte.

Det er store allmenne interesser knytt til Lærdalsvassdraget. Lærdalselvi er eit nasjonalt laksevassdrag med store fiske- og næringsinteresser, og i sidevassdraga er det fossar og bekkekløfter og gjel som har vist seg å ha særleg stor verdi for biologisk mangfald, og her er fleire område som er viktige for friluftsliv og turisme. Delar av vassdraget er bygd ut til kraftproduksjon, og det ligg inne fleire søknader om kraftprosjekt til behandling.

Hengande dalar og bratte dalsider med høge fossefall er typisk for sidedalane i Lærdal. Ofta renn i gjelet Moldagjeli, som er bratt og har mykje bart fjell og stup ned mot elva. Den planlagt utbygde strekninga av Ofta er relativt stri, og vekslar mellom fossar, stryk og nokre få kulpar.

Den miljøvernaglege vurderinga vår byggjer på fagrapportane i søknaden og egne inntrykk frå ei synfaring 26.9.2013.

Det er store allmenne interesser knytt til Oftadalen, både når det gjeld biologisk mangfald, landskap og friluftsliv. Vi registrerer at det er lagt stor vekt på dette i planlegginga av Ofta kraftverk. Dette gjeld både lokalisering av inntak og kraftstasjon, og tunnelboring av vassvegen. Kraftverket er planlagt med stor slukeevne (300 %), men frå samlaupet med Blikdalselvi vil summen av minstevassføringa og bidraget frå restfeltet gje ei monaleg høgare vassføring enn det som har vore vanleg for mange konsesjonsgjevne kraftprosjekt. Utbygginga vil redusere verdien av Brufossen i stor grad (ovanfor samlaupet med Blikdalselvi) og bekkekløfta i Moldagjeli (nedanfor samlaupet) noko mindre. Etter vår vurdering er konflikten med allmenne interesser i hovudsak knytt til biologisk mangfald dei nemnde stadene, og at kunnskapsgrunnlaget om det biologisk mangfaldet her har store manglar.

Naturtypar og biologisk mangfald

Det er fleire prioriterte naturtypar på strekninga. Det er registrert tre prioriterte naturtypar i prosjektområdet; hagemark, bekkekløfta i Moldagjeli (A/B-verdi) og fossesprøytzone i Brufossen- bekkekløft/bergvegg (B-verdi). Dei to sistnemnde vart registrerte i feltarbeidet for dette kraftprosjektet. Det er ikkje registrert raudlista planteartar i nokon av lokalitetane, men i følgje biologisk mangfald-rapporten (BM-rapporten) har bekkekløfta og fossesprøytsona potensial for raudlista mosar og lav.

I rapportane frå første- og andregongs kartlegging av prioriterte naturtypar i Lærdal kommune frå 2003 og 2011 skriv Siri W. Bøthun i kap. 7 om behovet for nye undersøkingar i kommunen: *"Basert på herbariebelegg, enkelte litteraturkjelder, personlege opplysningar og egne vurderingar, er det lista opp ein del lokalitetar i tabellen nedanfor, der det alt er sterke indikasjonar på at lokalitetane er eller har vore biologisk særskild verdifulle." Blant desse lokalitetane er "Moldagjeli. Varmekjær vegetasjon i bratt, sørvend side (Leif Hauge, pers.med.)"*.

Siri W. Bøthun var også med på kartlegginga i 2011, saman med Miljøfaglig Utredning. Det framgår av rapporten at det er tetta ein del kunnskapshol ved at ein har sjekka fleire av lokalitetane som var lista opp i rapporten frå 2003, men Moldagjeli var ikkje blant desse, truleg mest fordi avgrensa midlar til kartlegginga gjorde at ein prioriterte bort å kartlegge natur i krevjande terreng.

Moldagjelet har med andre ord blitt vurdert som ein potensielt interessant naturtypelokalitet av fleire, men har ikkje blitt undersøkt før no i samband med søknaden frå Ofta kraft.

Ut frå GPS-logg og teksten i naturmangfaldrapporten frå Sweco, er bekkekløfta undersøkt i den heilt nedre delen (Lunden, i austenden av hagemarklokaliteten som i Naturbasen har nemninga BN00017528 Ofta, på nordsida av elva), ca. 160 moh. I tillegg er det kartlagt oppe ved Nesfossen i Bliksdalselvi ca. 700 moh. Begge desse lokalitetane er utanfor den avgrensa bekkekløftlokaliteten, og denne er dermed ikkje undersøkt nærare. Innsamling av mosar og lav vart gjort ved Nesfossen for å få ein peikepinn på artsutvalet i bekkekløfta lenger nede. Det er etter vårt syn lite truleg at tilhøva ved Nesfossen i Bliksdalselvi er representativ for bekkekløfta, då Nesfossen 1) ligg i eit direkte sørvendt dalføre, 2) undersøkingane er frå 200-400 høgdemeter over bekkekløfta og vegetasjonen under Brufossen, og 3) fordi bekkekløfta ligg orientert aust-vest og har ei heilt anna solinnstråling. At det ikkje er funne raudlista lav og mosar blant det utvalet som blei samla inn ved Nesfossen utelukkarak på ingen måte at det kan vere slike artar i bekkekløfta. Artsutvalet i bekkekløfta og i fossesprøytesona under Brufossen må etter vårt syn reknast som "ikkje undersøkt" på dette grunnlaget.

På side 15 i BM-rapporten frå Sweco blir det omtalt bekkekløftlokalitetar i Senddalen og Nesdalen i Lærdal, med tilvising til rapporten "Naturfaglige registreringer av bekkekløfter i Buskerud, Sogn og Fjordane, Nord-Trøndelag, Nordland og Troms 2008-2010" (BioFokus). Det vart funne fleire raudlisteartar av mosar og lav i desse lokalitetane, og dei er i bekkekløftundersøkinga sett til verdi høvesvis 5 og 6 (høgste verdi) (). BioFokus-rapporten inneheld m.a. desse formuleringane om Indre Sogn og Lærdal: *"I indre Sogn (spesielt i Lærdal, men også noe i Luster) er det betydelige naturverdier knyttet til bergvegger i kløftemiljøer, med en lavflora som har store likhetstrekk med kontinentale distrikter på indre Østlandet. (...) På arts- og lokalitetsnivå er det først og fremst noen av områdene i indre Sogn som utmerker seg. Særlig vil vi framheve Nesdalen (Lærdal), som selv om vassdraget er utbygd har store naturverdier knyttet til gammel, kontinentalt preget løvskog, med bl.a. gode bestander av sjeldne arter som smalhodenål (Chaenotheca hispidula) og huldregras. To andre områder i Lærdal skiller seg også positivt ut. Galdane var tidligere kjent som et kløfteområde med store kvaliteter, en vurdering som ble ytterligere styrket i 2009, bl.a. gjennom funn av skorpelavene Gyalecta derivata og Rinodina stictica, samt sommerfuglen mørk rutevinge (Melitaea diamina). Den fosserøyktilknyttede Rinodina stictica er også påvist i en fosserøykskog i Senddalen. Her er det i tillegg svært rike forekomster av hodeskoddelav (Menegazzia terebrata) og praktlav (Cetrelia olivetorum), samt at fylkets første funn av dvergsnelle ble gjort. Praktlav har også en rik forekomst i Krokadalen, det samme gjelder den østlige storrap, og dessuten store verdier knyttet til gammel alm, bl.a. med blådoggnål (Sclerophora farinacea), almeskinn (Granulobasidium vellereum) og almekjuke (Oxyporus obducens)."*

Sweco-rapporten samanliknar Oftedalen med dalføre som er omtalte i BioFokus-rapporten, m.a. ved å vise til orientering av dalføra: *"Senddalen er kanskje den lokaliteten som likner mest på Ofta rent topografisk, geologisk og klimatisk, men Senddalen er nordøstvendt, og derfor preget av mindre uttørking enn Ofta pga solinnstråling", og "I bekkekløftlokaliteten Nesdalen ble det også funnet flere rødlistede arter av moser og lav. Denne bekkekløfta ligger også mer nordvendt enn Ofta, med mindre sannsynlighet for uttørking."* Ofta ligg nede i ei kløft, der i alle fall den nordvendte sida av kløfta neppe får mykje sollys, og det gjer heller ikkje fossesprøytesona under Brufossen. Argumentasjonen frå Sweco understrekar at det er den vestvendte orienteringa av Oftadalen som er grunngevinga for at dei gjev bekkekløftlokaliteten langs Ofta verdi B og ikkje A (side 15). Men Sweco-rapporten viser ikkje til lokaliteten i Galdane som også har fått verdi 5, og som ligg nettopp aust-vest mykje likt lokaliteten i Ofta.

På side 16 og 18 i Sweco-rapporten står konklusjonar om verdivurderingar for naturtypar og planteliv: *«Prosjektets influensområde vurderes å være av middels verdi for prioriterte*

naturtyper. Det er et middels datagrunnlag bak vurderingen». Fylkesmannen meiner at verken bekkekløfta eller fossesprøytlokaliteten ved Brufossen er undersøkte, og verdivurderinga ser ut til å bygge i svært stor grad på at kløfta er vestvendt. Datagrunnlaget er etter vårt syn dårleg, og det er ikkje grunnlag for å skrive at «*Prosjektets influensområde vurderes samlet å være av middels til stor verdi for karplanter og kryptogamer. Det er et godt datagrunnlag bak vurderingen*» slik Sweco gjer. Datagrunnlaget skriv seg frå innsamling av lav og mosar i ei direkte sørvendt kløft ved Nesfossen i Bliksdalen, og er truleg svært lite relevant for tilhøva langs Ofta. Vurderinga elles (middels til stor verdi) er det vanskeleg å vurdere, all den tid datagrunnlaget er så dårleg. Men sidan P.G. Ihlen finn artsutvalet frå Nesfossen "*spanande*" med tanke på førekomst av mosar og lav, tilseier nok dette at artsutvalet i sjølve Ofta-bekkekløfta kan vere svært interessant.

Sweco skriv sjølv noko om usikkerheit ved verdisettinga, men atterhalda er etter vårt syn altfor små og lite vektlagde.

Konklusjonen vår er at det manglar registreringar i bekkekløfta og i fossesprøytesona under Brufossen. Det må såleis registrerast nede i bekkekløfta og i fossesprøytesona før konsesjonssøknaden vert handsama, sidan mykje tyder på at her kan det vere kvalitetar som gjer at Ofta kan få dei høgste verdikategoriane slik Nesdalen, Sendalen og Galdane har. Utan slike undersøkingar er etter vårt syn ikkje krava i naturmangfaldlova § 8 oppfylte. At det er vanskeleg og kanskje meir kostbart enn vanleg å undersøkje ein lokalitet, er etter vår vurdering ikkje ei god nok grunn til ikkje å gjere dette.

Kraftstasjonen er planlagt rett ved hagemarka, som har eit mangfald av karplanteartar. Det må takast omsyn til nærleiken til denne naturtypelokaliteten ved detaljplanlegginga av eit eventuelt kraftverk med nødvendig infrastruktur.

Fuglefaunaen i prosjektområdet har mange artar, og det er førekomst av fossefall og fleire rovfuglartar, deriblant er det nemnd sporadiske observasjonar av hubro.

Anadrom strekning i Ofta er om lag 500 m, eller om lag opp til der kraftstasjonen er planlagt. Det er fleire småfossar i øvre del av strekninga. I prøvefisket til dette kraftprosjektet vart det fanga nokre aurar, medan det ein gong tidlegare er prøvefiska utan fangst av fisk. På bakgrunn av prøvefiska kan elva ha ein viss verdi for sjøaure, medan laks i liten grad nyttar elva. Med planlagt minstevassføring og på grunn av bidraget frå Bliksdalselvi, kan vi ikkje sjå at eventuelt produksjonspotensial for anadrom fisk vil verte nemneverdig påverka av prosjektet. Etter vår vurdering vil prosjektet dermed ikkje vere i konflikt med statusen som nasjonalt laksevassdrag. På grunn av bidraget frå Bliksdalselvi vil det slik vi vurderer det ikkje vere behov for omlaupsventil.

Elvelevande aure og andre vasstilknytte artar på tiltaksstrekninga vil verte råka av reguleringa på grunn av redusert vassføring.

Landskap, friluftsliv og inngrepsfrie naturområde (INON)

Tiltaket medfører permanente inngrep ved etablering av inntak og kraftstasjon med nødvendig infrastruktur, og vassføringa vil verte redusert på tiltaksstrekninga. Desse inngrepa vert i større eller mindre grad synlege i terrenget.

Det er eit lokalt friluftsområde i Oftedalen som vert mykje brukt, og langs stien opp dalen er det sett opp fleire skilt og tavler med historisk informasjon. Brufossen er ikkje synleg frå stien på austsida av elva, men fossen kan høyrast godt frå stien. Brufossen har ein eigenverdi som landskapselement sjølv om den er lite synleg for folk som går tur i området.

Inntaket er planlagt noko nedanfor brua for turstien opp til seterområdet av omsyn til turstien. Inntaket vil likevel verte synleg på eit lite parti frå stien opp til brua, og turgåarar vil merke at

elva vil gje mindre lyd enn i dag. Opplevingsverdien av fossane på prosjekstrekninga vil dermed verte redusert, men fossane på strekninga er lite synleg frå dei tilgjengelige områda.

Etter vår vurdering vil det med dei tilpassingane som er gjort i prosjektet verte akseptabel påverknad for friluftinteressene. Når det gjeld kraftstasjonen med infrastruktur, må det leggjast vekt på god landskapstilpassing, spesielt på grunn av nærleiken til bustadfeltet og den nemnde hagemarka.

Moldagjelet er eit markert landskapstrekk. Juvet er godt synleg frå Lærdalsøyri, medan elva har meir underordna karakter. I øvre del opnar dalen seg mot høgfjellet, og elva bidreg til opplevinga av dette landskapsrommet. Overgangen er ved brua oppstrøms inntaket, slik at stølsområdet og det opne fjellandskapet ikkje vil verte råka av tiltaket.

Tiltaket vil føre til netto bortfall av 0,8 km² villmarksprega område (> 5 km frå inngrep) og netto bortfall av 7,6 km² INON sone 2 (3-5 km frå inngrep).

Utbygginga vil generere om lag 40 000 m³ massar som vil verte nytta til bygging av vei, utjamning av terreng eller tilrettelegging for industri og landbruk. Det er nemnd eit område ved Hunderi der dyrka mark skal hevast med ein meter. Nærare planlegging må skje i tråd med føringane i naturmangfaldlova.

Ureining, vasskvalitet og støy

Vassforskrifta har som mål at alle vassførekomstar i Noreg skal ha minimum god økologisk status. Forskrifta opnar ikkje for at det kan utførast tiltak som gjer at tilstanden vert dårlegare med mindre det kan vere grunnlag for unntak i tråd med § 12. Når det gjeld anleggsfasen viser vi til reglane i ureiningslova. Dersom anleggsfasen kan medføre spesielle ulemper for miljøet eller varer i lengre tid, må den ansvarlege søkje Fylkesmannen om utsleppsløyve (anleggskonsesjon).

Det må leggjast vekt på støydempende tiltak knytt til kraftstasjonen. Behovet for dette vil avhenge av nærleiken til næraste bustad, hytte eller næringsbygg. Støynivået må halde seg innanfor tilrådde støygrenser i T-1442 «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging», jf. punkt 3.1 «Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny virksomhet eller bebyggelse» og punkt 3.3 «Retningslinjer ved etablering av ny støyende virksomhet».

Miljøvernfareleg konklusjon

Sweco sin rapport om naturmangfaldet har registreringar av plantelivet nedst i bekkekløfta ca. 160 moh og ved Nesfossen ca. 700 moh. Sjølv bekkekløfta og fossesprøytesona under Brufossen er såleis ikkje undersøkte. Dei undersøkte lokalitetane er ikkje på nokon måte representative for dei ikkje undersøkte stadene. Frå bekkekløftundersøkingane (Biofokus Naturfaglige registreringar av bekkekløfter i Buskerud, Sogn og Fjordane, Nord-Trøndelag, Nordland og Troms 2008-2010) veit vi at sidevassdraga til Lærdalselvi med sidedalar er svært interessante, både Sendedalen (verdi 5), Nesdalen (verdi 6) og Galdane (verdi 5). Bekkekløfta i Oftadalen (Moldagjelet) har fleire gonger blitt peikt ut som eit område med stort potensiale for raudlistartar, men har diverre ikkje blitt undersøkt i samband med naturtypekartleggingar i Lærdal.

Med det store potensialet for raudlisteartar meiner vi at bekkekløfta i Ofta og fossesprøytesona under Brufossen må undersøkjast før søknaden om konsesjon kan handsamast. Utan ei slik undersøking er naturmangfaldlova § 8 om krav til kunnskap ikkje innfridd. Vi ønskjer å få rapport etter gjennomført undersøking til vurdering.

Ut over dette vurderer vi prosjektet som miljøtilpassa og akseptabelt for dei allmenne interessene.

Beredskapsfagleg vurdering

Ei utbygging av Ofta kraftverk vil kunne betre vassforsyninga til Lærdalsøyri. Det går fram av konsesjonssøknaden at det med dagens situasjon hender at tilsiget til vassverket forsvinn på kalde vinterdagar. Det vil difor vere positivt dersom ei utbygging vil ta bort faren for frost i inntaket, og på den måten sikre ein meir stabil forsyningssituasjon for drikkevatn.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Miljødirektoratet
Lærdal kommune